

Modalen kommune

Mo 3

5729 Modalen

## Søknad om støtte frå Lokalt næringsfond i Modalen

*Tilskot til etablering i Modalen for Heimalaga Mat frå Pøylø*

**Søknadssum:** (50% tilskot)

**Søknadssår:** 2023

**Støtnadsordning:** Lokalt næringsfond i Modalen kommune

**Søkjjar:** Bjørn Eikefet og Laila Bolstad v/ Heimalaga Mat frå Pøylø AS

- **Adresse:** Eksingedalsvegen 164, 5728 EIDSLANDET
- **Adresse for tiltaket:** Modalen 1391
- **Organisasjonsnummer:** 918 341 617
- **Telefon:** +47 908 75 009
- **E-post:** [post@heimalagamat.no](mailto:post@heimalagamat.no)
- **Kontaktperson:** Bjørn Eikefet
- **Rekneskapsfører:** Rekneskapskontoret Knarvik
- **Banksamband:** Sparebanken vest

**Prosjektleiari:**

- **Namn:** Bjørn Eikefet og Laila Bolstad
- **Adresse:** Eksingedalsvegen 164, 5728 EIDSLANDET
- **Telefon:** +47 908 75 009
- **E-post:** [post@heimalagamat.no](mailto:post@heimalagamat.no)
- **Utdanning:** Bjørn, Hjelpepleiar og Laila, Omsorgsarbeidar. Begge har ambulanséfag. Begge går no på vidareutdanning i lokalmat. Deltitsstudie over 3 år.
- **Arbeidsbakgrunn:** Bjørn: Modalstunet 1986-1997  
Modalen ambulanse 1997-2008  
Bryggjeslottet 2008-2018  
Stordalen fjellstove 2018-2020  
Laila: Reinhaldar 1982-1983  
Stamnes barnehage 1985-1986  
Modalen kommune 1988-2018  
Modalen ambulanse 1997-2008  
Statleg fosterheim 2010-2018  
Stordalen fjellstove 2018-2020  
Lågen spiseri 2020 ( berre nokre mnd på grunn av koronaepidemien )

## Bedriftsinformasjon

Heimalaga Mat frå Pøylø tilbyr produkt som er basert på tradisjon, handverk, og ein solid porsjon kjærleik til mat. Vi nyttar lokale råvarer og få ingrediensar, noko som gir den gode heimalaga smaken. Fast på menyen året rundt står eksingedalskorv, spekepølse og skinkepølse. I tillegg produserast det andre godsaker i sesong.

Vi, Laila og Bjørn, er eit ektepar som er glade i å lage god mat, og er gründerane bak selskapet. Vi produsera maten med både godt humør og respekt for råvarer og tradisjonar.

## Bakgrunn og ide:

Heimalaga Mat frå Pøylø flytter si produksjonsverksemd til Modalen og etablera seg i Modalen Næringsbygg på Øvre Helland. Målet er vidare vekst og utvikling med berekraftig verksemd og drift.

Vi, Laila og Bjørn Eikefet, har gjennom fleire år utvikla våre produkt, bygd opp god kunnskap og kompetanse, og gjort oss svært gode erfaringar i samband med vår produktportefølje, med det resultat at vi no vel å ta vidare sats for å møte marknadsmessig vekstpotensial ved etablering i Modalen.

Lokalet og det som er tenkt gjennomført i samarbeid med huseigar, Modalen Næringsbygg, opnar opp for vekst på fleire område. Med auka produksjon og omsetning av produkt, vil ein også i lokalet kunne utvikle meir drift rundt catering, utsal, kafé/kantine, kurs og konferanse.

For å hente ut potensialet lokalet innbyr til, her me eit stort behov for støtte for å oppgradera nødvendig utstyr, installere/montere og klargjere lokalet for ønsket aktivitet i møte med egne behov så vel i møte med kundar og besøkande.

For å sikre at prosjektet vårt er berekraftig og vellykka på lang sikt, vil vi også bruke støtta til å gjennomføre utviklingstiltak. Dette vil inkludere å jobbe med marknadsføring, utvikling av produkt og tilpassing av lokalet etter lokale behov. Kanskje vi kunne produsert ein eigen merkevare frå Modalen?

For auka moglegheiter til vekst og utvikling har vi inngått eit samarbeid med næringshageprogrammet og Klar Bedrift AS. Dette samarbeidet vil ha betydning for å knyte til oss kompetanse innan sal og marknad, økonomi, og ikkje minst sjå moglegheiter gjennom å spele på lag med fleire andre aktørar i Modalen og regionen elles, for å styrke vårt mål om auka berekraft. Me har i ein årrekke samarbeida med andre lokale aktørar. Var blant anna med å stifte organisasjonen IModalen, der me fortsatt sitter i styret. Har også eit samarbeid med Modalen pensjonat, der me leverar maten når gjestene ynskjer det, og ved andre tilstellingar ved pensjonatet.

Vi meiner at dette prosjektet vil vere ein viktig bidragsytar til lokaløkonomien i Modalen, og vi håpar derfor på støtte frå næringsfondet. Vi er sikre på at etableringa vår vil kunne bidra til å skape fleire arbeidsplassar, gje gode ringverknadar for anna næringsliv, og auka samhandling med andre aktørar.

Vår etablering i næringsbygget vil kunne forsterke synergien av at fleire vil etablere seg saman med oss. For oss handlar det om å utnytte fordelar med å være lokalisert i distriktet, der vi er tett på verdiskapinga og råvaretilgang.

Vi ønsker å vere et positivt innslag i det lokale næringslivet, og tar med oss eit verdifullt nettverk av matentusiastar. Vi har nyleg inngått eit samarbeid med Leiren Laks, eit samarbeid som forsterkar vårt driftsgrunnlag.

## Organisering:

Me som eigarar investera betydeleg i prosjektet gjennom de verdiar med har med oss inn i satsinga, og me legg også ned ein betydeleg eigeninnsats. For å drive satsinga fram er ein avhengig av å få finansiering gjennom tilskot for å løfte produksjonen opp til eit høgare nivå, gjennom å investere i nødvendig produksjonsutstyr. Vi må også tilknytte oss nødvendig kompetanse og supplerande erfaring frå eksterne leverandør. Det er også helt nødvendig for framdrifta å nytta egne ressursar, som må sette av timar til sjølve planlegginga og gjennomføringa av etableringa og utviklingsprosjektet.

## Kostnads- og finansieringsplan:

Våre kostnader er belyst gjennom følgende kostnadsplan og investeringsplan:

Kostnadsposter	Beløp	Notat
Hettemaskin (oppvaskmaskin storhusholdning), inkl mva	43 000	Se vedlagt tilbud frå leverandør
Komfyr/koketopp (storhusholdning), med understell, inkl mva	24 000	Se vedlagt tilbud frå leverandør
Prosjektadministrasjon	12 000	Interne timar 20 stk, kr. 620 pr. time
Bistand, vekst og utviklingstiltak - ekstern	45 000	
Montering/installering, klargjere lokale	18 000	Interne timar 30 stk, kr. 620 pr. time
<b>Komplett kjølerom m/aggreat, dør og montering, levert av Maskinkontakt, inkl mva</b>	135 000	
<b>Totale kostnader</b>	<b>277 000</b>	

Finansieringsordning	Beløp	Notat
Tilskot frå næringsfond	138 000	50% støtte
Støtte frå Næringshageprogrammet	33 750	75% støtte
Eigeninnsats og egenkapital	105 250	Fordelt på egne timar á kr 620 og kapital over drift
<b>Totalt</b>	<b>277 000</b>	

## Effektar:

### Effektar av etableringa vil vere:

- Eit utvida tilbud for verksemda
- Moglegheit for nye målgrupper, eller auka leveransar til eksisterande

- Tilgang på råvarer lokalt
- Ein meir effektiv arbeidskvardag
- Auka attraktivitet
- Auka kundesegment
- Auka inntektsgrunnlag
- Moglegheit for tilsetjing på sikt

**Effektar for marknad og kunde vil vere:**

- Eit betre tilbod av produkt
- Dekking av eit behov hjå målgruppa (etterspørsel)
- Grunnlag for betre samarbeid og synergjar for andre verksemder/ lokale bønder i regionen
- Sikra arbeidsplassar i distriktet
- Eit utvida tilbod for kommunen sine innbyggjarar, tilreisande og for regionen elles

Stad/ dato: *Himle 22/5-23*

*Bjørn Eikefet*

---

Bjørn Eikefet, dagleg leiar